

Møteinnkalling

Utval: Nærøyfjorden verneområdestyre

Møtestad: Gudvangen Fjordtell

Dato: 19.06.2017

Tidspunkt: 12:30

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. 99499753 eller e-post
fmsfano@fylkesmannen.no. Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

Det vert servert lunsj på hotellet kl. 12.30. Møtet startar kl. 13.00.

Kl. 14.30 er fagleg rådgjevande utval og administrativt kontaktutval invitert til møte saman med verneområdestyret. Tema er besøksstrategi for verneområde i Nærøyfjordområdet.

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 21/17	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 22/17	Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll		
ST 23/17	Referatsaker		
RS 4/17	Nærøyfjorden landskapsvernombområde - utsetting av grinder i vernede områder som tiltak mot CWD - svar		2017/1936
RS 5/17	Innkalling til årsmøte i Raudafjell villreinområde 03.06.2017		2017/1860
RS 6/17	Endret ordrebekreftelse på verneskilt - Nærøyfjorden		2017/147
RS 7/17	Nærøyfjorden landskapsvernombområde - høve til å søkje oppreising for oversittjing av frist for erstatningskrav		2016/3092
RS 8/17	8761 Styviselva - Ferdiggodkjenning - Aurland kommune. NVEs referanse: 200906222-36		2014/831
RS 9/17	Informasjonsmøte om kartlegging av erosjon i Nærøyfjorden		2014/4243
RS 10/17	Invitasjon til møte om besøksstrategi for verneområdet i Nærøyfjordområdet		2013/3025
ST 24/17	Delegerte saker		
DS 8/17	Nærøyfjorden landskapsvernombområde - løyve til flytting av masse i nedste del av Styviselva		2014/831
DS 9/17	Nærøyfjorden landskapsvernombområde - løyve til å sette opp gjerde på Ytste Fronnes i Aurlandsfjorden		2017/1483
DS 10/17	Nærøyfjorden landskapsvernombområde - løyve til landing med helikopter på Fristølen for transport av materiale og utstyr		2017/1904
ST 25/17	Nærøyfjorden landskapsvernombområde - helikoptertransport i samband med jordskiftesak		2017/2096

ST 21/17 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 22/17 Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll

ST 23/17 Referatsaker

**RS 4/17 Nærøyfjorden landskapsvernombord - utsetting av grunder i
vernede områder som tiltak mot CWD - svar**

RS 5/17 Innkalling til årsmøte i Raudafjell villreinområde 03.06.2017

RS 6/17 Endret ordrebekreftelse på verneskilt - Nærøyfjorden

**RS 7/17 Nærøyfjorden landskapsvernombord - høve til å søkje
oppriking for oversiting av frist for erstatningskrav**

**RS 8/17 8761 Styviselva - Ferdiggodkjenning - Aurland kommune. NVEs
referanse: 200906222-36**

RS 9/17 Informasjonsmøte om kartlegging av erosjon i Nærøyfjorden

**RS 10/17 Invitasjon til møte om besøksstrategi for verneområde i
Nærøyfjordområdet**

ST 24/17 Delegerte saker

**DS 8/17 Nærøyfjorden landskapsvernombord - løyve til flytting av masse
i nedste del av Styviselva**

**DS 9/17 Nærøyfjorden landskapsvernområde - løyve til å sette opp
gjerde på Ytste Fronnes i Aurlandsfjorden**

**DS 10/17 Nærøyfjorden landskapsvernområde - løyve til landing med
helikopter på Fristølen for transport av materiale og utstyr**



Arkivsaksnr: 2017/2096-0

Saksbehandler: Anbjørg Nornes

Dato: 08.06.2017

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	25/17	19.06.2017

Nærøyfjorden landskapsvernombåde - helikoptertransport i samband med jordskiftesak

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Svenn Vidar Stegen løyve til lågtflyging og landing med helikopter i samband med jordskiftesak for eigedomane Horten, Nedbergo og Kappadal. Løyvet gjeld ein dag i perioden frå og med 26. juni til og med 01. juli 2017, og gjeld for fylgjande lågtflyging og landingar:

- Lågtflyging frå sjøen og opp langs Tynnegalsgrovi, grense mot Horten.
- Inntil 2 landingar på fjellet Skorvi ved grense mellom gnr./bnr. 57/2 og Horten.
- Inntil 2 landingar på Nisedalsfjellet ved grensa mellom gnr./bnr. 57/2 og Nedbergo/Kappadal.

Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombåde og naturmangfaldlova § 48 første ledd og første alternativ. Løyvet er gjeve med fylgjande vilkår:

- Lågtflyging og landinga skal avgrensast til det som er strengt naudsynt for frakt av personar i samband med jordskiftesakene.
- Helikopterflyging og landing skal ikkje føregå på søndagar av omsyn til friluftslivet.
- Flyginga skal meldast til Statens naturoppsyn v/Kristoffer Ullern Hansen (mob. 970 97 720) seinast dagen før transporten startar.
- Det skal sendast rapport til sekretariatet for verneområdestyret innan 01.08.2017 om gjennomført transport.

Dette løyvet gjeld berre tilhøve etter verneforskrifta. Søkjar må ta kontakt med Aurland kommune med spørsmål om løyve etter lov om motorferdsel i utmark.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Svenn Vidar Stegen om løyve til motorferdsel i Nærøyfjorden landskapsvernombåde i samband med jordskiftesak, datert 31.05.2017.



Nærøyfjorden verneområdestyre

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernombordet av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Forvaltningsplan for Nærøyfjorden, rapport nr. 1 – 2008

I samband med jordskiftesak på Horten og Nedbergo/Kappadal, søker Svenn Vidar Stegen om løyve til transport av 8 – 10 personar frå Undredal til fjellet Skorvi. Han står som søker for transporten i begge jordskiftesakene. Det er bruk for 2 landingar på Skorvi. Etterpå vil det mest truleg vera bruk for to turarar med transport av personane vidare til Nisedalsfjellet. Dei som deltek på synfaringa skal gå ned att til fjorden frå Nisedalsfjellet. I tillegg vert det søkt om lågtflyging frå fjorden og opp langs elva Tynnefalsgrovi. Dette er den sørlege grensa til eigedomen Horten.



Landingsplass og område med lågtflyging. Utklypp frå Fylkesatlas

Lovgrunnlaget

Verneformålet for Nærøyfjorden landskapsvernombordet er å «..ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter» jf. § 2. «Motorferdsle på land og i vatn/vassdrag er forbode, likeeins lågtflyging under 300 meter og landing» jf. § 3 pkt. 2.1. I verneforskrifta er det ikkje opning for å gje dispensasjon for persontransport. Det må difor vurderast om det er heimel til å gje dispensasjon for persontransport i samband med jordskiftesaka etter naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd, fyrste alternativ; «Forvaltingsmyndigheten kan gjøre



inntak frå et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig».

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og veklagt i saka.

Vurdering

Motorferdsle skal haldast på eit så lågt nivå som mogleg i verneområdet, og aktiviteten må ikkje skada verneverdiane eller vera i strid med verneføremålet. Motorisert persontransport er ikkje lovleg i verneområdet, og vert normalt ikkje gjeve. Naturmangfaldlova § 48 opnar for å gje dispensasjon frå verneforskrifta i særskilte høve. Det må føreligge særskilte grunnar for at denne unntaksregelen kan vurderast. Det skal ikkje vera ei utviding av vernereglane. I samband med denne jordskiftesaka er det avgjerande at partane er på synfaring på grensepunkt på Skorvi og Nisedalsfjellet. Desse punkta ligg på mellom 1200 og 1300 moh, og det er lange avstandar for å koma til området. Det er 8 til 10 personar som skal vera med på synfaringa, og det vil vera vanskeleg å få gjennomført denne synfaringa utan motorisert transport. Terrenget langs Tynnegalsgrovi (nær Høyskredgrovi) er vanskeleg å gå langs for folk. Forvaltar vurderer transporten i denne saka som særskilt, og meiner det er grunnlag for å vurdera denne saka med heimel i naturmangfaldlova § 48 første ledd og første alternativ.

Kunnskapen om området er dokumentert gjennom forvaltningsplan for Nærøyfjorden, regional villreinplan for Nordfjella og gjennom SNO sitt oppsynsarbeid i området. Utanom villrein, er det ikkje kjente førekommstar av sårbare artar (Naturbase 09.06.2017) som kan verta uroa av helikopterlandinga. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 vert vurdert som godt for å vurdera saka. Landingsplassane er innan for Nordfjella villreinområdet. Det er ikkje kjente registreringar som tilseier at villreinen brukar dette området i særleg grad på denne tida av året. Dersom det vert observert villrein i nærleiken av landingsplassane, må det visast særskilt omsyn slik at reinsdyra ikkje vert uroa. På bakgrunn av tilgjengeleg kunnskap om området, er føre-var prinsippet jf. nml. § 9 er ikkje veklagt i denne saka.

Dette fjellområdet er lite uroa av støy frå motorisert ferdsel. Løyve som er gjeve til motorisert ferdsel i nærområdet er til hyllegarden Nedbergo, og naudsynt uttransport av viltkjøt frå Horten. Den samla belastninga jf. nml. § 10, er vurdert til å og vera på eit akseptabelt nivå. Transport av personar i denne saka er vurdert som særskilt p.g.a. at området er vanskeleg tilgjengeleg, og det er naudsynt med synfaring for å få gjennomført jordskiftesaka. Saka er difor vurdert til ikkje å skapa presedens for andre liknande saker i området. Det er positivt av synfaringa vert gjennomført felles på ein dag for begge jordskiftesakene. Ved å samla naudsynt transport, vil det gje mindre støy i området. Forvaltar meiner helikoptertransporten i samband med jordskiftesaka ikkje vil føra til stor auka belastning på naturverdiane, og vil vera innan for det som må reknast som akseptabelt i dette området.

For å få gjennomført synfaringa, er transport med helikopter naudsynt. Lågtflyging og landing vil gje liten skade på naturverdiane, og vert vurdert som ein miljømessig bra metode til dette føremålet, jf. nml. § 12. Transporten skal gjennomførast på ein dag, og vil gje belastning med støy i ein kort periode.

Nml. § 11 er vurdert til ikkje å vera relevant i denne saka.



Nærøyfjorden verneområdestyre

Forvaltar vurderer helikopterflyginga til ikkje å føra til vesentleg skade på verneverdiane. Aktiviteten vil vera avgrensa i omfang og tid, og er vurdert til ikkje å vera i strid med verneføremålet. På bakgrunn av vurdering etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8-12, meiner forvaltar det kan gjevast løyve til helikoptertransporten med heimel i naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.